

**Uttale i saka om frådelling av fritidsbustad på Villanger gbnr 418/9 i Alver, etter tilbakemeldinga frå Statsforvaltaren i Vestland av 20.01.2022**

Eg viser til brev frå Alver kommune 22.02.2022, sak 20/7629 – 22/15195, der det blir gjeve høve til å kome med uttale i saka om frådelling av fritidsbustad på Villanger, gbnr 418/9 i Alver kommune.

Saka gjeld søknad datert 17.03.2020 frå tiltakshavar, Arvid Villanger, om dispensasjon og løyve til frådelling av parsell med våningshus på Villanger, gbnr 418/9, til bruk som fritidsbustad. Saka har vore ein gjengangar i Alver kommune. I første runde gav administrasjon avslag på frådelling (16.06.2020), seinare vart det gjeve løyve til frådelling 13.07.2021 av administrasjon, stadfesta 13.10.2021 av politisk utval (APM, 6 mot 3 stemmer). Etter klage frå underteikna 02.08.2021 vart saka oversend frå Alver kommune til Statsforvaltaren i Vestland 29.10.2021 for endeleg avgjerd.

Ved svarbrevet av 20.01.2022 har Statsforvaltaren i Vestland (sak 2021/16094) no oppheva vedtaket av 13.07.2021 og sendt saka attende til Alver kommune for ny handsaming, m.a. grunna «feil ved [...] grunngjeving og rettsbruk» og ymse manglar elles. Godkjenninga av søknaden om dispensasjon som vart gjort av Alver kommune ved administrasjon (13.07.2021) og ved politisk utval (13.10.2021), kvalifiserer dermed – slik eg les svarbrevet – til «ikkje bestått».

Svarbrevet frå Statsforvaltaren er etter mi meining krystallklårt på alle punkt! Det blir i svarbrevet m.a. peikt på desse kjerneproblema i kommunen sitt løyve frå 13.07.2021:

- A) Det er ikkje lagt fram turvande dokumentasjon og vurdering på fleire konkrete punkt, m.a. knytt til 1) tilhøvet til landbruk, 2) vegrett, 3) avløp, 4) avstand til driftsbygningar.
- B) Det er ikkje godtgjort at fordelane ved frådelling er «klart større enn ulempene», slik lova krev.

Argumenta som kommunen 13.07.2021 gjev for frådelling er i hovudsak av privatøkonomisk karakter, men slike argument skal altså ikkje tilleggjast vekt i saka. Statsforvaltaren viser også (side 3) til avslaget kommunen gav i sitt første vedtak av 16.06.2020. Grunngjevinga mot frådelling der er både «tydeleg» og «relevant».

Etter munnleg kontakt med saksbehandlaren hjå Statsforvaltaren, har ho oppfordra til å spele inn eventuell supplerande informasjon til Alver kommune, forut for den vidare handsaminga. Derfor dette skrivet til kommunen, skrivet omhandlar i hovudsak underpunktta 1-4 under punkt A ovanfor.


## **1. Landbruk**

### Revisjon av AR5 hausten 2021. Konsekvens for gbnr 418/6&9

Løyve til omdisponering og deling etter jordlova vart, «ved ein inkurie», først gjeve av landbrukskontoret 09.08.2021 (altså etter at løyvet til frådelling var gjeve). Vurderinga frå landbrukskontoret var basert på tilstanden registrert i AR5 («Gardskart») på det tidspunktet, jorda var då klassifisert som «innmarksbeite», både for den omsøkte parsellen og i eit større område rundt parsellen. «Pårekleleg bruk av arealet rundt den omsøkte tomten er i dag beite,» skriv landbrukskontoret. Vidare vert det (side 4) peikt på at innmarksbeitet rundt tomten, ut frå flyfoto, ikkje ser ut til å ha vore i drift på nokre år, og det har heller ikkje vore søkt om produksjonstilskot for dette arealet dei siste åra. «Dette er moment som talar for at ein kan gje samtykke til omdisponering,» skriv landbrukskontoret.

Men i den revisjonen av i AR5 som vart gjort av jorda hausten 2021, er det kome inn ei rad endringar på gbnr 418/6&9, og dei endringane går stort sett ein veg ved at «innmarksbeite» fleire stader er blitt omklassifisert til «fulldyrka» eller «overflatedyrka» jord, sjå t.d. figuren på neste side. Samla areal av

fulldyrka jord på gbnr 418/6&9 er etter dette 24,0 dekar (opp frå 18,6 dekar), og av overflatedyrka jord 5,8 dekar (opp frå 3,2 dekar).



Figuren til venstre viser status markslag etter revisjonen av AR5 hausten 2021 (gardskart.nibio.no). Den raude sirkelen viser «driftseininga» på bruk gbnr 418/6&9, der ligg det gamle våningshuset på gbnr 418/9. Den blå firkanten viser omtrentleg plassering av aktuell parsell.

Området vest/nordvest for parsellen (1,6 dekar) har no status «fulldyrka», og det aust/søraust for parsellen (1,1 dekar + 1,4 dekar) «overflatedyrka», begge delar endra frå «innmarksbeite». Også andre nærliggjande areal er endra frå «innmarksbeite» til «fulldyrka», m.a. teigen litt søraust for den aktuelle parsellen (altså nordvest for huset på Nordre Villanger 11). I sum utgjer desse endringane kring 5 dekar.

Fulldyrka jord	Overflatedyrka jord	Innmarksbeite	Produktiv skog
----------------	---------------------	---------------	----------------

Tilhøyrande fargekode for markslag frå AR5.

Status i dag er altså at den aktuelle parsellen på gbnr 418/9 inkluderer / grensar opp til fulldyrka jord i vest/nordvest og til overflatedyrka jord i aust/søraust, og den tiltenkte parkeringsplassen sørvest for det gamle våningshuset vil bli liggjande på fulldyrka jord. Denne revisjonen av jorda i AR5 gjer at vurderinga frå landbrukskontoret av arealet (09.08.2021) følgeleg blir heilt misvisande, samt at konflikten mellom fritidsbustaden og landbruksinteressene på bruket no kjem tydelegare fram.

Manglande drift av jorda rundt parsellen dei siste åra kan uansett no ikkje nyttast som «moment som talar for at ein kan gje samtykke til omdisponering», slik landbrukskontoret skriv. Tvert om skal vel både den fulldyrka og overflatedyrka jorda på gbnr 418/6&9 drivast, slik jordlova krev.

### Nabobruka sine interesser

Den omsøkte parsellen ligg i LNF-område, med omsyn landbruk. Vi naboane bur her fast, vi driv med villsau og steller jordene våre. Som eg tidlegare har peikt på i merknadene mine av 30.03.2021, er våre landbruksinteresser ikkje tent med at det kjem ein ny fritidsbustad her, då det m.a. vil medføre auka ferdsle over våre eigedommar. Eg les det slik at Statsforvaltaren (side 2 i svarbrevet) også etterlyser ei grundigare vurdering i høve til våre interesser. Ei slik vurdering må då også inkludere dei punkta eg tok opp om dette i dei nemnde merknadene av 30.03.2021 (jf. side 2 der).

## **2. Vegrett via privat veg og tilkomst til offentleg veg**

I dispensasjonen frå Alver kommune (13.07.2021) heiter det at «Eigedomen er sikra vegrett til offentleg veg via privat veg.» I svarbrevet (side 2) frå Statsforvaltaren blir det m.a. peikt på at «Avkjørsel fra offentlig veg må være godkjent av vedkommende vegmyndighet, jf. veglova §§40 til 43.» Nedanfor følgjer nokre supplerande opplysningar kva gjeld spørsmålet om vegretten.

### Den private vegen: Uklart kva vegrett tiltakshavaren viser til

Den gamle bygdevegen på Nordre Villanger vart etablert før utskiftinga av innmarka (1895), og den var lenge berre eigna for køyring med hest og kjerre. Vegen vart då brukt som køyreveg av gbnr 418/8, 4, 3 (og seinare 11), men aldri av gbnr 418/6 og 9, då desse hadde sin køyreveg austover mot Rossnesvegen.

Tiltakshavaren skriv 10.02.2021 at retten til å bruke denne bygdevegen er «frå vår side tinglyst og oppretthalden gjennom generasjonar». Det er ikkje klårt for meg om «frå vår side» då refererer til tinglyst felles utskifting av innmarka av 1895, eller til tinglyst makeskifte frå 1909 mellom gbnr 418/3 og 418/9 om ein kort vegstubb.

Eller kanskje meiner han at den tinglyste vegretten har sitt utspring i det tinglyste skøytet frå 1993 frå far hans til bror hans på gbnr 418/6&9? Der er brukt formuleringa «Eksisterende veg

benyttes» om tilkomsten til det gamle våningshuset, altså det huset systema Marit ved det skøyte fekk bruksrett til. For, merk at både i tiltakshavaren sin søknad av 17.03.2020 og klage av 07.07.2020 (kommunens dato) er det tilsynelatande 1993-skøyte som ligg bak formuleringar som «Marit har også tinglyst vegrett til huset» og «Marit har ein rettsgyldig bruksrett til huset og vegen for seg og sine etterkomarar». Men det er ei stor mistyding å tru at 1993-skøyte gjev nokon som helst ny vegrett til gbnr 418/6&9 knytt til bygdevegen, for eit internt skøyte på gbnr 418/6&9 kan ikkje tildele bruket andre rettar enn det alt har! Så kva spesifikk vegrett for bygdevegen meiner ein då at ein står att med?

Uansett, dagens utgåve av bygdevegen er frå slutten av 1950-talet. Heile vegen vart då oppgradert slik at den kunne køyrast med bil, og m.a. vart vegen lagd heilt om slik at den ikkje lenger gjekk gjennom tunet på gbnr 418/3. Det er verdt å notere at gbnr 418/6 og 9 ikkje ville vere med på denne fornyinga, korkje med pengar eller arbeidsinnsats, for «dei hadde ikkje bruk for den vegen, dei hadde sin køyreveg austover». Så om den omtalte vegretten for gbnr 418/6&9 gjeld rett til å nytte vegtraseen anno 1895 eller vegtraseen anno 1960, bør klargjerast før eventuell frådelling på gbnr 418/9.

Vidare skriv tiltakshavaren 10.02.2021: «Avtalar om vedlikehald av vegen mellom husa på Nordre Villanger er eit fellesprosjekt slik det alltid har vore.» Ja, det finst eit veglag på Nordre Villanger, men gbnr 418/6&9 er ikkje med der. Etter 1960 har gbnr 418/6&9 vore med på grusing av bygdevegen ved to høve, siste gong midt på 1970-talet. Det er seinare gjort jamleg vedlikehald og oppgraderingar, samt innkjøp av reiskap, utan at gbnr 418/6&9 har teke del. Å kalle det «eit fellesprosjekt slik det alltid har vore», er såleis ikkje rett.

#### Tilkomst til offentleg veg: Innseiing frå Statens vegvesen (2004)

Eigaren av gbnr 418/3, Magne Bjørkhaug, har i sine merknader (09.02.2021) peikt på at avkøyringa frå den private bygdevegen på Nordre Villanger ut på hovudvegen (fylkesveg 5484, Rosnesvegen) ikkje automatisk er sikra for ein ny frådelt parsell. Dette med referanse til ei tidlegare sak (frå 2004-05) om frådelling av tomt frå det nærliggjande gbnr 418/11; den gong hadde vegmynda innseiingar til auka avkjøring frå den same bygdevegen til den same offentlege vegen.

I den føreliggjande saka kunne og burde vegmynda vore kontakta om utkøyring på fylkesvegen knytt til ei frådelling. Men tiltakshavaren avgrensar seg til å skrive i ein kommentar til kommunen (10.02.2021) at dette ikkje er relevant, då saka gjeld «frådelling til uendra bruk» (noko som etter mi meining ikkje er rett!).

Kommunen på si side stikk hovudet i sanden og skriv i løyvet til frådelling av 13.07.2021 (side 2): «Tiltakshavar kommenterer alle merknadene som er tilsendt.» Dermed er administrasjonen tilsynelatande ferdig med vurderinga av det spørsmålet, og ser såleis bort frå kravet i veglova. Svarbrevet frå Statsforvaltaren (side 3) tilseier derimot at meir dokumentasjon frå kommunen er naudsynt, også for dette punktet.

For ordens skuld har eg følgd opp saka med Helge Bjørkhaug som i 2004 søkte om den nemnde frådellinga på gbnr 418/11 (han er son til dåverande eigar av gbnr 418/11). Statens vegvesen vart den gong kontakta om avkøyringa til/frå hovudvegen ved ei frådelling, svaret frå dei av 23.08.2004 følgjer som vedlegg 1 til dette skrivet. Der heiter det m.a.: «Statens vegvesen kan ikkje gje utvida bruk av avkjørsla slik ho er utforma. Frisikten retning Rosnes er langt under kravet. [...] Det må ganske omfattande sprengingsarbeid til for å oppnå kravet i avkjørsla.» For ordens skuld: Den aktuelle avkøyringa er ikkje endra etter 2004.

### **3. Løyve til utslepp vart gjeve, men den realiserte løysinga var ikkje i samsvar med løyvet**

Problemstillingane rundt utsleppet frå det gamle våningshuset på gbnr 418/9 har vore framme fleire gonger i løpet av sakshandsaminga, både av naboen min på gbnr 418/3 og underteikna. Men i sin dispensasjon skriv kommunen: «Oppretting av ny grunneigedom utløyser ikkje endringar i tilhøva kring vatn og avlaup.» Statsforvaltaren meiner tydelegvis noko anna.

Tiltakshavaren har lagt fram dokumentasjon som skal vise at Radøy kommune har gjeve løyve til utslepp. Men den framlagde dokumentasjonen frå han gjeld strengt teke ombygginga og rehabiliteringa av det gamle våningshuset; der blir det rett nok referert til løyvet for utslepp. Sjølve løyvet til utslepp og med dei føresetnadene for løyvet som kommunen sette, er ikkje lagt fram av tiltakshavaren, så det følgjer her i fullstendig form som vedlegg 2.

Det var fire føresetnader i løyvet til utslepp: 1) slamavskiljar av godkjent type; 2) sandgrøft i samsvar med definert standard; 3) dei eigedommane som avløpet blir ført over, må gje sitt løyve; 4) fagleg ansvarshavande skal vere godkjend av kommunen på førehand. Problemet er at desse føresetnadene ikkje vart etterlevde då avløpet vart etablert, ifølgje ein av dei som var med på arbeidet.

Ein merknad til punkt 3: Med avrenning til «Melkeviki», blir utsleppet frå det gamle våningshuset på gbnr 418/9 ført over dei to bruka gbnr 418/3 og 418/11. Det finst ingen dokumentasjon i arkivet for Radøy kommune om at det er gjeve noko løyve frå desse bruka, og noverande eigarar er heller ikkje kjent med noko slikt. Rubrikken med «Eigaren si eigenhendige underskrift» i det siste arket i vedlegg 2 viser uansett ikkje reelle underskrifter frå naboane, dei to namngjevne eigarane av gbnr 418/3 og 418/4 var på det tidspunktet forlenget gått bort, og namnet til eigaren av gbnr 418/11 er jamvel stroke over!

Statsforvaltaren peikar på (svarbrevet side 3) at alle tilhøve rundt utsleppet må vere godkjende før ei eventuell frådelling. Det er då utan verdi at det er gjeve løyve så lenge den realiserte løysinga avvik frå føresetnadene i løyvet på nær sagt alle punkt. Så ei godkjenning av løysinga, eventuelt etter nødvendig oppretting av tilhøva, må på plass før frådelling kan gjerast.

PS: Kommunen er frå før gjort merksam på denne saka, og det er vel å forvente at kommunen omsider sjekkar kva som er status for det ikkje-godkjente avløpet.

#### **4. Avstand frå driftsbygningar til aktuell parsell: Spørsmål det ikkje er svara på**

Kommunedelplanen for Radøy krev at det skal vere 50 meter mellom driftsbygning for landbruket og ny grunneigedom frådelt for anna formål enn landbruk. Med berre 20 meter mellom driftsbygningen for 418/6&9 og det gamle våningshuset på gbnr 418/9, «løyser» tiltakshavaren dette kravet ved å rive driftsbygningen. Dermed er såvel administrasjon som politisk utval (APM) nøgde.

Men har nokon stilt spørsmål om kvar skal ein ny driftsbygning på gbnr 418/6&9 liggje, dersom den ikkje skal byggjast oppatt der restane etter den gamle no ligg? Så vidt eg kan lese av kartet er det ikkje mange stader på bruket der det er naturleg å kunne plassere ein ny driftsbygning slik at denne blir liggjande i avstand minst 50 meter frå andre grunneigedomar og fylkesvegen, og der utkøyring på fylkesvegen kan gjerast smertefritt med naudsynt fri sikt i begge retningar. Så «løysinga» med å rive den gamle driftsbygningen medfører tilsynelatande fleire rundar med nye dispensasjonssøknader. Potensielt vil framtidige eigarar av gbnr 418/6&9 som ynskjer å drive garden, få eit problem med manglande driftsbygning.

Som peikt på av naboen på gbnr 418/3, vil ein frådelt parsell, slik det er søkt om, liggje 30-40 meter frå driftsbygningen på gbnr 418/3, og vere til ulempe for hans drift. Tiltakshavaren på si side meiner (i skriv 10.02.2021) at ei frådelling ikkje vil påverke naboen på gbnr 418/3 på nokon som helst måte: «Avstanden til naboen sin driftsbygning er uendra om huset vert frådelt eller ikkje.» I dispensasjonen frå kommunen (13.07.2021) er denne problemstillinga ikkje drøfta noko vidare, men i uttalen frå landbruksmynda i kommunen (09.08.2021) heiter det (side 5): «I denne saka finn ikkje rådmannen at dei eventuelle ulemperne har eit slikt omfang eller styrke at det kan leggjast avgjerande vekt på dei.»

På bakgrunn av Statsforvaltaren sitt svarbrev (side 3) meiner eg ein må gå langt grundigare inn i dette temaet og peike på kva som er fordelar og ulemper ved å fråvike avstandskravet i kommunedelplanen.

Deretter må ein konkludere ut frå ei vurdering av *pro et contra*, ikkje berre gå rett på konklusjonen. Også her må fordelane vere «klart større enn ulempene»!

--

Eg sender desse opplysingane til Alver kommune i tiltru til at administrasjon og politisk utval no vil gjere ei kritisk og nøktern vurdering av den aktuelle søknaden og alle sider ved den i si fornya handsaminga av saka.

Med vennleg helsing



Bjørn Villanger  
Nordre Villanger 10, 5937 Bøvågen  
Mobil: 99 30 50 00  
Epost: [villanger18.4@gmail.com](mailto:villanger18.4@gmail.com)

Vedlegg:

1. Statens vegvesen om tilknytning til offentlig veg på Villanger (2004) (1 side)
2. Løyve til utslepp frå det gamle våningshuset på gbnr 418/9 (1993) (3 sider)

# VEDLEGG 1: Statens vegvesen om tilknytning til offentlig veg på Villanger (2004)



Statens vegvesen

Helge Bjørkhaug  
Skarefjellet 37  
5174 MATHOPEN

04/3917 03/1050  
HKD 2004  
18/11

Behandlende eining:  
Region vest  
Bergen distrikt

Sakshandsamar/innvalsnr:  
Øystein Hagesæther - 56342954

Vår referanse:  
2004/46393-002

Dykkar referanse:

Vår dato:  
23.08.2004

## GNR.18/11 - SØKNAD OM FRÅDELING - DISPENSASJON FRÅ KOMMUNEPLAN - VILLANGER - HØYRING

Viser til brev mottatt 10.08.04.

Statens vegvesen kan ikkje gje utvida bruk av avkjørsla slik ho er utforma. Frisikten retning Rossnes er langt under kravet. Den er i dag 4meter x 20meter. Kravet er 4meter x 65meter. Vist på vedlagte prinsippsskisse. Det må ganske omfattande sprengingsarbeid til for å oppnå kravet i avkjørsla. Alternativet er å sjå om det er mulig å knyta seg til andre avkjørslar i nærleiken.

Plan og forvaltning - Bergen distrikt  
Med helsing

*Grethe Vikane*  
Grethe Vikane  
seksjonssjef

*Øystein Hagesæther*  
Øystein Hagesæther

Kopi: Radøy kommune v/ Hans Kristian Dolmen, Pb. 51, 5931 Manger

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Askedalen 4  
6863 Leikanger

Telefon 81 54 40 10  
Telefaks 57 65 59 86  
firmapost-vest@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Kvassnesvegen 40  
ISDALSTØ

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Regnskap  
Båtsfjordvn 18  
9815 VADSØ  
Telefon 78 94 15 50  
Telefaks 78 95 33 52

## VEDLEGG 2: Løyve til utslepp frå det gamle våningshuset på gbnr 418/9 (1993)



RADØY KOMMUNE  
TEKNISK ETAT

Arthur Villanger,

5125 BØVÅGEN.

SØKNAD OM LØYVE TIL UTSLEPP AV KLOAKK FRÅ EKSISTERANDE BUSTADHUS PÅ GNR. 18, BNR. 9 AV VILLANGER.

Søknad om løyve til utslepp av kloakk frå eksisterande gamalt bustadhus på ovanforneinde gnr./bnr. Det gamle bustadhuset er under restaurering og vil i framtida verta nytta som fritidsbustad. Kloakkutsleppet vil få avrenning til jordbrukskanal som renn i nordleg lei til Melkeviki i Villangervågen.

I MEDHALD AV DELEGASJONSREGLEMENT FOR HOVUDUTVAL FOR TEKNISK SEKTOR OG ADMINISTRASJONEN (VEDTEKE I RADØY KOMMUNESTYRE I MØTE 26. MAI 1988 - SAK 93/88), GODKJENNER TEKNISK SJEF:

Med heimel i "Forskrift om utslipp fra separate avløpsanlegg" § 6 og i samsvar med retningslinene for utforming og drift av separate avlaupsanlegg, vert gjeve løyve til utslepp av kloakk på følgjande vilkår:

1. Kloakken må først gjennom forskriftsmessig slamavskillar - 2-delt med eit samla vassvolum på min. 2 m<sup>3</sup> Slamavskillar må få ei slik plassering at det er tilkomsthøve med tankbil for tøming.
2. Etter slamavskillar må avlaupet først gjennom kunstig sandfiltergrøft i ei lengd av 10 m eller 15 m (opparbeidd etter forskriftene), før utsleppet vert førd til grøftesystem. Det er kvaliteten på filtersand som vert nytta i grøfta som er avgjerande for lengda.
3. Søkjaren er sjølv ansvarleg for å få løyve frå dei eigedomar utsleppet må først over.
4. Før arbeidet med avlaupsanlegget vert sett igang, må det oppnemnst fagkunning ansvarshavande for arbeidet og denne skal vera godkjent av bygningsrådet/teknisk sjef.

MANGER, den 04.05.93.

  
T. Pedersen  
tekn.sjef

Adresse:	Telefon:	Telefax:	Bankgiro:	Postgiro:
5120 Manger	(05) 37 32 45	(05) 37 30 36	3636.07.00776	0806 5787106

## UTSLIPP FRA SEPARATE AVLØPSANLEGG

# SANDFILTRERING

I medhold av forskrift om utslipp fra separate avløpsanlegg tillater en

(navn)

Arthur Villanger (Marit Jucher)

for eiendommen gnr. 18 bnr. 9

adresse

Villanger, 5125 BØVÅGEN

i R A D Ø Y kommune

å lede avløpsvann fra 1 bolig(er)/hytte(r) med/uten vannklosett ut til sandfilteranlegg.

Boligtype: Fritidsbustad

Avløpsanlegget skal bygges i henhold til

anleggsnr. 1 + 4 i anvisningsblad 1.

SLAMAVSKILLER: Totalt våtvolum: 2 m<sup>3</sup>

FILTERDEL: Samlet lengde 10 meter eller 15 meter.

Det er <sup>Bredde</sup> ~~kvantiteten~~ på filter<sup>meter</sup> sand som er avgjerende for lengd grøft.

Detaljer om anleggskomponenter som skal inngå i anlegget fremgår av vedlagte anvisningsblader.

Anlegget skal plasseres, bygges, utformes og drives i samsvar med anvisningsbladene.

Anlegget skal kontrolleres når infiltrasjonsrøret ligger halvveis tildekket i pukklaget.

Ansvarshavende: må oppnønst for arbeidet med avlaupsanlegget vert sett igang.

For at kontrollen ikke skal sinke anleggsarbeidet, skal ansvarshavende melde fra til kommunen om forventet byggestart i god tid før anleggsarbeidet påbegynnes. Deretter skal det varsles om riktig kontrolltidspunkt. Byggekontrollen skal da utføres så raskt som mulig, og anlegget kontrolleres, eventuelt godkjennes innen **2 virkedager** etter at varsel fra ansvarshavende er mottatt.

Er arbeidet ikke satt igang senest 3 år etter at utslippstillatelse er gitt faller tillatelsen bort. Det samme gjelder dersom arbeidet blir innstilt i lehgere tid enn 2 år.

Selv om vilkårene i denne tillatelsen er etterfulgt, plikter den som volder forurensning å svare erstatning som måtte følge av alminnelige erstatningsregler.

Eiendommen kan senere kreves tilknyttet felles kloakknnett. Overtredelser av pålegget kan straffes i henhold til § 16 i Forurensningsloven.

Denne avgjørelsen kan påklages innen 3 uker fra meddelelse om avgjørelsen er mottatt. Klagen bør være begrunnet og innen fristens utløp sendes kommunen, evt. fylkesmannen dersom han har gitt tillatelse.

Jfr. elles skriv av 04.05.91 fra teknisk sjef og dei vilkår som der vert sette.

MÅNGER den 05.05. 19 93.

RADØY KOMMUNE

Teknisk kontor

Kornelius Sylta underskrift



